

Til alle landets kommuner, fylkesmenn og regionale helseforetak

Deres ref.: 14/1053
Vår ref.: 14/3933-2
Saksbehandler: Kjersti Wilson
Dato: 19.06.2014

Informasjon om endring i området pasientskadelova verker på

Frå 1. april gjeld pasientskadelova på fleire kommunale institusjonar enn før. Kommunale rusinstitusjonar, barnebustader og aldersheimar er no omfatta av ordninga for pasientskade.

Endringa inneber at pasientskadelova gjeld skadar valda i institusjonar både i spesialisthelsetenesta og i den kommunale helse- og omsorgstenesta. Før 1. april gjaldt pasientskadelova berre i kommunale helse- og omsorgsinstitusjonar dersom skaden skjedde i samband med helsehjelp som var gjeve av helsepersonell. Etter denne endringa vil lova òg gjelde for skadar som har skjedd etter hjelp frå anna personale enn helsepersonell i kommunale rusinstitusjonar, barnebustader og aldersheimar.

Frå 1. april i år regulerer forskrift om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon kva som skal reknast for institusjon under den kommunale helse- og omsorgstenesta etter pasientskadelova §1. (Sjå FOR-2011-12-16-1254)

Det er som før grunnleggjande føresetnader i pasientskadelova at det har skjedd ei svikt i behandlinga eller tenesta, at det har skjedd ein pasientskade og at det er samanheng mellom svikta og skaden.

Helsedirektoratet bed om at kommunane, fylkesmenn og regionale helseforetak syter for at aktuelle institusjonar får melding om denne lovendringa.

Vennlig hilsen

Svein Lie e.f.
divisjonsdirektør

Helga Katharina Haug
seniorrådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk

Helsedirektoratet - Divisjon primærhelsetjenester

Avdeling omsorgstjenester
Kjersti Wilson, tlf.:

Postboks 7000 St. Olavs plass, 0130 Oslo • Besøksadresse: Universitetsgata 2, Oslo • Tlf.: 810 20 050
Faks: 24 16 30 01 • Org.nr.: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

